



Statens vegvesen

Kvam Kraftverk AS
Pb.64
5601 NORHEIMSUND

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Hilde Gunn Stenseth - 56520207

Vår referanse:
2015/030829-002

Dykkar referanse:

Vår dato:
20.05.2015

Statens vegvesen sitt svar på søknad om dispensasjon fra byggegrense - fv. 7 - gnr. 77 bnr. 272 - oppføring av ny nettstasjon for elektriske anlegg - Kvam herad

Viser til søknad frå dykk.

Statens vegvesen og gjev med dette dispensasjon frå byggegrensa ved FG 7 hp 213 km 1,639. Dispensasjonen gjeld for oppføring av ny nettstasjon for elektriske anlegg med ein avstand på 3,5 meter frå vegmidte på gang- og sykkelveg til næraste bygningsdel på gnr. 77 bnr. 272 i Kvam herad.

Vi gjer merksam på at dispensasjonen berre gjeld i høve veglova, og ikkje dei rettar de har ovanfor eventuelle andre grunneigarar. Dispensasjonen er gjeve i samsvar med føresegnene om byggegrenser i veglova §§ 29 og 30 og på dei vilkår som er nemnt nedanfor.

1. Bygningen må ikkje nyttast til anna føremål enn det som kjem fram av søknaden.
2. Dispensasjonen fell bort dersom omsøkte byggjearbeid ikkje er starta innan 3 år frå d.d.
3. Det er ikkje grunnlag for krav mot Statens vegvesen på grunn av skade eller ulempe som følgjer av at bygningen ligg innanfor byggegrensa, med mindre det kan påvisast aktløyse frå vegvesenet si side. Vi vil påpeike at trafikkstøy kan vere til ulempe.
4. Dersom bygget vert oppført i strid med vilkåra i denne dispensasjonen, kan bygget krevjast fjerna med heimel i veglovas § 36 utan kostnader for Statens vegvesen.

Vedtaket kan påklagast.

Plan & Forvaltning Voss Hardanger

Med helsing

for *Kari Veseth Kunder*
Carl Erik Nielsen
Seksjonssjef

Hilde Gunn Stenseth
Hilde Gunn Stenseth

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Flyplassvegen
5705 VOSS

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

Kopi: Kvam herad
Hordaland fylkeskommune